

Ang. nye foreskrifter for skolestrukturen i Sør-Aurdal kommune:

Fau i Reinli godtek ikkje at skulekretsgrensene blir forandra. Vi godtek overflytting av elevene, men ynskjer ingen forandring av grensene før det ligg føre ein heil plan for heile kommunen. Før ein går til så drastiske steg som å vedta å legge ned Reinli skule, så må ein vente og sjå kva som skjer med skule krinsen i Begnadalen.

Det må takas ein beslutning for Begnadalen samstundes ,
Skal Begnadølane til Hedalen eller Bagn???

Deretter kan det byggast på Bagn skule, eit bygg som då blir passe stort til alle elevane frå skulekrinsane

Bygningsmasse:

Det er ikkje aktuelt å sende ungane våre til Bagn før Bagn skule er klar for å ta imot dei. Dei store elevkulla på 1. og 2. trinn hausten 2010 krev stor plass. Om ein tek gymsalen til 1. trinn løyser ein kan hende plassproblemet for dei, men sidan dei skal vera på Bagn skule i 7 år er det inga god løysing å ta i bruk den einaste store salen som er på skulen.

Kvar er det 5. grupperommet, som oppvekstgruppa foreslo som eit minimum vorte av?
Bør vere på plass det og.

Det er også pedagogisk uforsvarlig å ha 31 elevar på 1. trinn i ei klasse. Ein lyt dele denne klassen i to med kvar sin kontaktlærar. Det seier seg sjølv at ein ikkje kan ta vare på både den faglege og den sosiale biten på ein god måte med så mange elevar i ei gruppe. Det er no den grunnleggjande begynnarpplæringa startar, derfor er det viktig med gode læringsvilkår for alle. Garderobeplassen for desse ungane må ein også finne ei løysing på, for ein kan ikkje bruke av timane/friminutta for å kle ungane.

For 2. trinn er det ikkje akseptabelt å overskride arealnormen på 2 kvadratmeter pr elev. Det er heller ikkje teke hensyn til at lærarane også skal ha ein viss stor plass. Det må finnast ei anna løysing på dette. I høyringa står det også at samtlege elevar sjelden er inne klasserommet samtidig. Dette kan ikkje me ikkje akseptere, då det må vera plass til alle elevane i klassen. Dette styrker også ei deling av klassene.

Læreverket og læremetodane som blir brukt på Reinli skule og Bagn skule er ulike. Det er ei stor utfordring og krev mykje av lærarane så elevane får den undervisninga og læringa som dei har krav på. Ein må setja inn ressursar på dette feltet, så overgangen blir så mjuk som mogeleg. Vi krev likeins at uteområdet rundt Bagn skule blir betre sikra, ved at ein set opp gjerde og at ein set opp grinder mot vegen og gangfeltet.

Me viser til lov om grunnskole § 9a-2. [Det fysiske miljøet Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte](#)

miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar. Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak

Skuleskyss:

Vi krev at det skal gå to skulebussar frå Reinli og ned til Bagn. Ein buss som går frå Stavadalen, køyrer strekningen Roakryset - Hoffsvingen og ned til Bagn. Dette fordi det kortar ned reisevegen for ungane i Stavadalen vesentleg, når dei slepp å kjøre om Liagrenda og plukke opp alle elevane som skal på skulen.

Det ville då ha vorte ein reiseveg på meir enn 45 min, noko som er heilt uakseptabelt. Me snakkar her om born frå 6år. Ungane som bur mellom Roakryset og Hoffsvingen slepp å gå etter ein trafikkert veg med høg fart. Reisetida deira blir også vesentleg kortare når dei slepp å gå inntil ein halv time i tillegg til tida det tek å køyre med bussen. Hvis dei må gå ned til Reinli skule, der det er føreslege oppsamlingsplass, vil det vera ein veldig farleg plass å bevege seg, med all trafikk av bilar som skal levere ungar i barnehagen. Den andre bussen må starte ved Roakryset og kjøre Hagagrenda og Liagrenda og vidare ned til Bagn.

Alle skulebarna frå Reinli må ha fri skuleskyss, då det er heilt uforsvarleg å late ungane som har kortare enn 4 km. gå etter ein så smal, farleg og høgt trafikkert veg. Det er inga god løysing at ein kjører ein buss med 50 seter, og me godtek ikkje dette punktet. Det er ikkje alltid ungdomsskuleelevane har fleksitid, så ein kan ikkje gå ut ifrå at det er eit ledig sete til alle. Ein lyt også ta vare på tryggleiken for ungane nedst i bygda, då dei òg må få sita trygt på bussen. Det er ein svært farleg skuleveg ned til Bagn, og ALLE SKAL HA EIT SETE.

Det er også tilflytting av fleire barnefamiljar til Reinli, og elevar som er her annankvar veke (skilte foreldre) - dette er ikkje med i "tallmaterialet". så det er ikkje nok med ein buss på 50 seter. Bussen blir også brukt av andre folk i bygda.

Fau i Reinli stiller også spørsmålsteikn ved vedtak om forplikting av stort politisk engasjement for utbedring av vegen Reinli - Bagn. Kva er gjort???

Me legg elles merke til at det vert hevda at vegen er farligere oppover enn nedover...

Organisering av dei tilsette:

Ressursane som er tildelt dei ulike skulane i kommunen er svært ulikt fordelt:

Ved Bagn skule er det 154 elevar på 15 lærarårsverk. 10,3 elevar pr.lærar.

Ved Hedalen skole er det 70 elevar på 11 lærarårsverk. 6,4 elevar pr.lærar.

Dette er ein stor skilnad. Ein må stille spørsmål om ungane våre får den same kvaliteten

på undervisninga når Hedalen har 60% større lærarmasse enn Bagn. Me ynskjer at ein vurderer om det er ei rett fordeling. Dei tilsette ved Reinli skule må fordelast på Bagn skule så ungane våre kan halde seg til ein person dei kjenner og såleis gjera overgangen til ny skule lettare. Dette også for at lærarkreftene frå Reinli og Bagn kan samarbeide og utveksle erfaringar om læreverket.

Til slutt:

Fau i Reinli håper at ungane får den kunnskapen dei har krav på når dei kjem på ny skule. Det er med tungt hjarte vi sender elevane våre frå ein så fin og bra skule som vi har hatt i Reinli. Vi krev at det blir gjort tiltak i andre delar av kommunen så ikkje Reinli skal vera ein offerkalv for dårlig kommuneøkonomi. Lat ikkje krangel og bygdestrid vera ei hindring for eit endeleg vedtak.

Med helsing Fau i Reinli